



Til Vaksdal kommune v/Hege Eide Vik

Bergen, 24. april 2020

## Førespurnad om å oppretta kommunekomité for TV-aksjonen NRK 2020

På vegne av TV-aksjonen vil me starta med å takka hjarteleg for den gode innsatsen og flotte engasjementet under fjorårets aksjon! I Vaksdal vart det samla inn 203 600 kroner til arbeidet CARE gjer for å skapa eit betre liv for kvinner i nokre av verdas mest sårbare område.

På grunn av korona-viruset, er me alle i unntakstilstand. Ein livsviktig dugnad går over heile verda og me ser kor viktig det er å bidra til beste for fellesskapet. Folk i Norge er gode på dugnad, og med dyktige leiarar i alle fylke og kommunar håper me at korona-viruset vil bli nedkjempa. Me jobbar vidare med våre arbeidsoppgåver, men har sjølvstakt full forståing for at de har mange viktige vedtak å ta i tida framover.

Kommunekomiteen er avgjerande for å mobilisera organisasjonar, skular, næringsliv, foreiningar, idrettslag og bøsseberarar. **Me håper du vil medverka til at årets TV-aksjon blir solid gjennomført, ved å ta på deg vervet som leiar for kommunekomiteen i Vaksdal.**

Som leiar for kommunekomiteen er du ein dørøpnar og eit ansikt utad for organiseringa av dugnaden og innsamlingsaksjonen. Ved å inkludera fleire menneske i komiteen, som oppgåvene kan fordeles på, blir arbeidet lettare for kvart enkelt medlem. Vedlagt finn du ei brosjyre med forslag til oppgåver og roller som komiteen kan ta på seg, for å mobilisera så mange lokale støttespelarar som mogeleg.

TV-aksjonen NRK 2020 går til WWF sitt arbeid for å kjempa mot plast i havet og går av stabelen 18. oktober. Kvart år hamnar åtte millionar tonn plast i havet. Plasten trugar ikkje berre dyrelivet, men også menneske. Med konkrete tiltak der problema er størst, skal årets TV-aksjon ta plasten ved rota. Me skal redusera plastutslappa og ta vare på verdshava.

TV-aksjonsmidlane er øyremerka prosjekt i Thailand, Vietnam, Filippinene og Indonesia, og skal gå til å:

- Etablere betre avfallshandtering og infrastruktur som hindrar at plastsjøppel ender opp i elver og vidare ut i havet.
- Jobba politisk for forpliktande vedtak mot marin forøpling i kvart land.
- Gje innbygarane i kvart land kunnskap og verktøy til å ta opp kampen med eigne hender.

***Når kommunekomiteen er utnemnd, ber me om at medlemmane registrerer seg på vårt elektroniske registreringsskjema innan 1. juni. Skjemaet finn de på [blimed.no/aksjonskomite-paa-1-2-3/](https://blimed.no/aksjonskomite-paa-1-2-3/)***

Dersom de har fleire spørsmål rundt TV-aksjonen, finn de meir informasjon her: [blimed.no/om-tv-aksjonen-nrk](https://blimed.no/om-tv-aksjonen-nrk)

Det vil bli oppretta ein fylkesaksjonskomité i Vestland som blir leia av Jon Askeland og Natalia Golis.

Fylkesaksjonskomiteen vil fungera som ein regional støttespelar i gjennomføringa av innsamlinga. Me gleder oss til eit nytt og spennande TV-aksjonsår, og ser fram til eit godt samarbeid med Vaksdal kommune.

Med vennleg helsing,

Marthe Jansen, Fylkesleiar TV-aksjonen WW  
[vestland@tvaksjonen.no](mailto:vestland@tvaksjonen.no) eller 94 11 11 01